
Saksnr: 2020/76184-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020

Søknad om tilskot til ViteMeir - Vitensenteret på Kaupanger

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommunen gir avslag på søknad om tilskott til innhaldsutvikling og drift av ViteMeir i Sogndal. Grunngevinga er at det ikkje er rom for dette innafor ramma avsett i budsjettet for 2021.

Samandrag

ViteMeir er eit reigonalt vitensenter som er under oppføring i Sogndal. Vestland fylkeskommune er byggherre gjennom eit samarbeid mellom Sogndal vidaregåande skule og ViteMeir. Det er teikna ein 3-årig rammeavtale med Vestland fylkeskommune på 500 000 kroner per år, i form av en bruksavtale. ViteMeir manglar finansiering både til innhaldsutvikling og drift, høvesvis 6-8 MNOK og 1 MNOK. Det er ikkje oppgitt eit konkret søknadsbeløp. Vestland fylkeskommune blir beden om å hjelpe dei å løyse finansieringsutfordringa deira.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

ViteMeir er eit regionalt vitensenter som er under oppføring i Sogndal. Vitensentra skal inspirere barn og vaksne til å utforske og søke ny kunnskap, og samarbeider med skuleverket om å utvikle kunnskap som samfunnet og næringslivet treng i framtida. Eit vitensenter rettar seg i hovudsak mot barnehagar, skular og alle andre som ønskjer seg meir realfagkompetanse.

ViteMeir er skipa med eit breitt eigarskap; fylkeskommunen, 6 kommunar, privat næringsliv, Høgskulen på Vestlandet (HVL), NITO og Vestlandsforskning. Den pedagogiske plattformen er utvikla i tett samarbeid med HVL. Berekraft, det grønne skiftet og ressursane på Vestlandet er gjennomgåande tema.

Forskningsrådet har godkjent søknaden om å bli eit regionalt vitensenter. Dei tilrår at departementet gir eit årleg driftstilskott på 6,9 MNOK frå 2021. Trass den positive tilrådinga vart det ikkje løyving i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2021. Det vert no arbeidd aktivt for å endre dette i den politiske prosessen fram mot budsjettvedtaket i desember, jf. vedlagte brev til Utdannings- og forskningskomiteen 8. oktober 2020.

Vestland fylkeskommune er byggherre, gjennom eit samarbeid mellom Sogndal vidaregåande skule og ViteMeir. Byggjearstart var i juni 2020 og dørene skal opnast i september 2021. Senteret vert samlokalisert med nasjonal linje for transport og logistikk ved Sogndal vidaregåande skule.

I tillegg til statstilskottet skal drifta finansierast med rammeavtaler med kommunane og fylkeskommunen, sponsormidlar frå næringslivet og billettinntekter.

Søknad om tilskott frå Vestland fylkeskommune

For å få fullfinansiert etableringa og drifta av ViteMeir har styret søkt om tilskott frå Vestland fylkeskommune. Søknaden er todelt:

1) Ein eingongssum til innhaldsutvikling som skal gå til å ferdigstille installasjonane

Romprogrammet er definert, og det er laga ein masterplan for utstillingane/-installasjonane. Høgskulen på Vestlandet har medverka tungt i den pedagogiske utviklinga. Her er det eit uløyst finansieringsbehov som korkje vert dekkja av byggeprosjektet eller over drifta.

Kostnadsestimatet til utstillingsarkitektane for ei komplett løysing er over 21 MNOK. Minimumsbehovet blir oppgitt å vere 16-18 MNOK. Så langt er det samla inn 10 MNOK i eingongstilskott og gåver frå ulike kjelder som sparebankstiftingar og liknande. Ein manglar difor 6-8 MNOK for å ha senteret rusta til opninga.

2) Eit årleg driftstilskott

Budsjetterte driftskostnader er på 15,9 MNOK. Den tilrådde statlege stønaden på 6,9 MNOK er avgrensa til 35 % av driftskostnadene til senteret. Retningslinene i programmet føreset at minimum 20 % av driftskostnadene kjem frå dei andre skuleeigarane (kommune/fylkeskommune)

Det er så langt teikna 3-årige rammeavtalar med kommunane på kr 1.790.0002. Likeleis blei det inngått ein rammeavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019 på 500 000 kroner. Dette er ein bruksavtale og omfattar ikkje driftstilskott.

Skuleeigardelen så langt er berre på 15%, det manglar om lag 1 MNOK for å tilfredsstille dette kriteriet.

Frå før finnst det eit liknande senter i Vestland fylke, ViIVite i Bergen. Til samanlikning har Vestland fylkeskommune ein avtale med ViIVite som omfattar både bruksavtale og driftstilskott på til saman 3,5 MNOK per år.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at det blir etablert eit populærvitenskapleg opplevings- og læringssenter innan naturvitenskap og teknologi i denne delen av fylket. Senteret vil kunne bidra til

auka interessa for desse faga blant ungdom og auka kompetansen på dette feltet. Aktivitetane vil også kunne gje ringverknader for næringslivet i regionen.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gjer vedtak i budsjettsaker

Vurderingar og verknader

Økonomi: Søkjar opplyser at dei manglar 6-8 MNOK til innhaldsutvikling og 1 MNOK for å nå kravet om skuleiegardelen på 15 %. Vestland fylkeskommune bidrar allereie med 500 000 kroner per år gjennom ein bruksavtale. Søkjar ber om hjelp frå Vestland fylkeskommune til å løyse desse finansieringsutfordringane.

Klima: Berekraft og det grønne skiftet er eit gjennomgåande tema i utstillingane.

Folkehelse: Aktivitetane kan bidra til auka interesse for skulefaga og få fleire til å fullføre skulegangen, som er eit viktig mål i folkehelsearbeidet.

Regional planstrategi: Relevant for målet om like moglegheiter til deltaking i verdiskapinga

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser på etableringa av ViteMeir som svært positivt både for målgruppa og for næringslivet i regionen. Det er ikkje rom innafor budsjettet i 2021 i Vestland fylkeskommunen til å gje tilskot til innhaldsutvikling og drift slik det vert søkt om, utover dei 500 000 kronene, som det allereie er inngått avtale om.